



# Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Hardanger Energi

Dato: 15.12.20

Klokkeslett: 17.30 – 20.00

## Tilstades på møtet

### **Medlem:**

Knut Sygnestveit  
Stig Yngve Røkenes  
Atle Ulgenes  
Kåre Olai Solheim  
Johannes Sponheim

### **Sekretær:**

Harald Normann Andersen

## **Saker til styremøte**

**Sak 19/20:** Referat og meldingar

**Sak 20/20:** Økomomi

**Sak 21/20:** Høyring – utøvelsesforskriften MD

**Sak 22/20:** Høyring – Forskrift til jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning

**Sak 23/20:** Villreinjakta 2020

**Sak 24/20:** Småviltjakta 2020

**Sak 25/20:** Evaluering – Hytteutleige 2020

**Sak 26/20:** Aktivitetsplan 2021

**Sak 27/20:** Orienteringssaker

## Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Atle Ulgenes

Kåre Olai Solheim

Johannes Sponheim

## Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyrå på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyrå kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. P.b. 2, 5731 Ulvik
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

## **Sak 19/20 Referat og meldingar**

- 2020.01.27-642.2.Omsetjing fellesfiskekortet 2019  
2020.02.04-012.2.Møtebok Rauland fjellstyre  
2020.02.15-43. Høringsnotat om forslag til endringer i motorferdselloven- Miljødirektoratet (L)(749629)  
2020.02.17-612.0.Høyring frå NFS - kvalitetsnorm villrein  
2020.02.20-43. .Fjellstyna på Hardangervidda - Løyve til transport med snøscooter til fjellstyrehyttene  
2020.02.26-612.1.Høyring villreinkvote Hardangervidda hausten 2020  
2020.02.26-612.1.Invitasjon vårmøte Hardangervidda 2020  
2020.02.27-012.2.Møtebok ØN fjellstyre  
2020.03.04-36 .Nabovarsling - nybygg rehabilitering Finsehytta på Finse  
2020.03.11-612.1.Minimumsteljing Nordfjella 07.03.20  
2020.04.27-612.1.Melding om vedtak Nordfjella, kvote 2020  
2020.04.27-414.4.Dispensasjon til å bruke snøscooter knyttet opp til vitenskapelige undersøkelser ved Sandalsnuten  
2020.04.27-124 .Fullmaktsoversikt for sekretær  
2020.04.28-612.1.Protokoll frå VN på Hardangervidda, kvotevedtak 2020  
2020.05.15-351.3.Høyring vedkomande åting av Rallarvegen  
2020.05.15-351.3.Søknad om tiltak for å opne Rallarvegen til 01.07.2020  
2020.06.08-35 .Årsmøteprotokoll -Veglaget Storurdi - Finse  
2020.06.17-35 .Vedtak frå Ulvik herad. Søknad om løyve til gjennomføring av tiltak for opning av Rallarvegen 2020  
2020.06.22-43 .Dispensasjon til å bruke helikopter ved tilsyn av grunder ved salteplasser\_Mattilsynet Offentleg versjon  
2020.06.25-43 .Landingsløyve for helikopter ved Kaldavasshytta (LOV § 6)  
2020.09.22-005.1.Uttale til forslag om utvidet jakttid 2020 - Hardangervidda villreinutvald  
2020.09.22-005.1.Protokoll 220920 Utvidelse av jakttid på Hardangervidda 2020 - Hardangervidda Villreinnemnd  
2020.09.25-001.1.Dispensasjon fra forskrift om forvaltning av hjortevilt §§ 29 og 30 for Hardangervidda villreinområde i 2020 ( fri avskyting av kalv )  
2020.10.27.001.1.Høyring - Endringar i utøvelsesforskriften  
2020.11.12-1.3 .Innkalling til møte i Fjellstyna på Hardangervidda  
2020.11.23-1.4 .Møtebok FH 20.11.20  
2020.11.27.001.1.Høyring - Forskrift om jakt , feller, fangst og fiske i statsallmenning

### **Framlegg til vedtak:**

Styret tok referat og meldingar tuil orientering

### **Vedtak:**

Samrøystes

## **Sak 20/20 Økonomi**

### **Saksdokument:**

Resultatrekneskap pr. 30.11.20

### **Framlegg til vedtak:**

Styret tok resultatrekneskapen pr. 30.11.20 til orientering

### **Vedtak:**

Samrøystes

## **Sak 21/20 Høyring – utøvelsesforskriften MD**

### **Saksdokument:**

Høyingsnotat – utøvelse av jakt, felling og fangst

### **Saksutgreiing:**

Miljødirektoratet ynskjer ei presisering av regelverket og modernisering av ein del begrep knytt til jegerprøven.

Likeså ynskjer miljødirektoratet å endre kravet til rifleammunisjon til storviltjakt i forskrifta, slik at det vert mogleg å nytte homogene blyfrie kuler i kaliber 6,5 til storviltjakt.

### **Framlegg til vedtak:**

Styret støtter høyingsutkast frå Miljødirektoratet

### **Vedtak:**

Samrøystes

## **Sak 22/20 Høyring – Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning**

### **Saksdokument:**

Høyingsnotat – Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning

### **Saksutgreiing:**

Gjeldande forskrift vart fastsett av Direktoratet for naturforvaltning ( nå MD ), 8. mars 2004 med heimel i lov av 6. juni 1975 nr. 31 om utnytting av rettar og lunnande m.m. i statsallmenningane ( fjellova ) §§25 og 26. Gjeldande forskrift har vore endra fleire gongar,

seinast 1. april 2016. MD foreslår å oppheve gjeldande forskrift og erstatte denne med ei ny i staden for å gjere endringar i gjeldande forskrift. Bakgrunn for dette er at det ved denne revisjonen, i tillegg til den vanlege justeringa a prisrammene, er gjort ei større omstrukturering i forskrifta. Prinsippa i gjeldande forskrift vert vidareført i ny forskrift.

Den viktigaste endringa er at prisrammene for jakt- og fiskekort er oppjustert for den komande 5-årsperioden. Ved siste revisjon var det ei betydeleg prisauke på enkelte korttypar. Det har tidlegare vore vanleg at desse prisane har blitt konsumprisindeksregulert, men ved dei to siste revisjonane har dette ikkje vorte gjort. Dette vart begrunna med at det var eit behov for å tilpasse prisane noko meir til marknaden, og at lønsutviklinga har vore høgare enn konsumprisindeksen. Til en viss grad er dette også vidareført i denne revisjonen, men prisrammene er ikkje auka like mykje som ved siste revisjon. Sidan forskrifta skal sikre årmenta tilgang til jakt og fiske i statsallmenningane, skal prisane ikkje setjast høgare enn nødvendig. Miljødirektoratet foreslår ei auke på 2,5 prosentpoeng årleg, noko som vil gje ei prisauke på 12,5 % for den 5-årsperioden prisrammene gjeld for. Dette er gjort for å ta høgde for lønsvekst i perioden, og i tillegg noko justering i forhold til prisutviklinga i marknaden.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyre har etter at møteinnkallinga vart sendt ut mottatt høyringsutkast frå NFS. Styret meiner at NFS har gjort ein god jobb og støtter dette utkastet.

#### **Vedtak:**

Samrøystes

## **Sak 23/20 Villreinjakta 2020**

#### **Saksdokument:**

Ingen

#### **Saksutgreiing:**

Ulvik fjellstyre vart i år tildelt 186 løyve på HA 291 ( 50 % bukk 50 % frie ). Av desse fekk Osa/Sævertveit privat 12 løyve ( 6 bukk 6 frie ). Samjaktavtale med Øvre Numedal fjellstyre og Rauland fjellstyre vart vidareført frå førre året. Det vart sold løyve til 10 jegerar ( innanbygds ) på ØN sitt område og 3 jegerar på Rauland ( utanbygds ). I tillegg vart det sold løyve til 30 utanbygdsjegerar på Osafjellet. Litt ut i jakt vart det og sold løyve til 2 innanbygdsjegerar på Osafjellet. Det var og samjakt med HA 292, Slondalen, Dalen og Brauåni grunneigarlag, samt HA 28 Aurland. I tillegg vart det sold 20 løyve til private vald i Vinje kommune.

I år som i fjar vert det frå MD si side bestemt at det litt ut i jakta skulle opnast for samjakt på tvers av villreinområda HA 291 og NF 600. Ulvik fjellstyre bestemte at dette berre skulle gjelde innanbygdsjegerar.

Totalt vart det felt 38 dyr på HA 291 kort som ga ei felling på 20,3 %, av desse vart 10 dyr felt på Osafjellet. Resten vart felt i Rauland-, Nore Uvdal-, Røldal og Vinje kommune.

I Nordfjella vart fjellstyre tildelt 36 løyve ( 14 frie 11 S/U 11 kalv ), 2 av desse ( 1 fritt 1 S/U ) fekk Osa/Sævertveit privat. Det vart tildelt jakt til 14 innanbygdsjegerar og trekt 9 jegerar på NF 600. Det vart totalt felt 7 dyr som gav ei felling på 19,4 % på NF 600 kort. 1 av desse vart felt på Osafjellet.

**Referat:**

Sakshandsamar gjekk gjennom div. statistikk. Styret tykte det var positivt at mykje av reinen var på Osafjellet under jakta. Sist det var noko mengder av dyr på Osafjellet under jakta var i 2012. Bortfall av åting og brøyting av Rallarvegen har nok hatt betydning for dette.

**Framlegg til vedtak:**

Styret tok gjennomgangen av saka til orientering.

**Vedtak:**

Samrøystes

## **Sak 24/20 Småviltjakta 2020**

**Saksdokument:**

Div. statistikk

**Saksutgreiing:**

Grunna stort jaktrykk dei fyrste dagane i jakta, og da spesielt i Finsområdet vart det i sak 12/20 vedtatt at fjellstyre for 2020 skulle gjere grep for å redusere dette. Det vart bestemt at statsallmenningen skulle delast opp i jaktfelt for å spreie jegerane ut over eit større område fyrste delen av jakta.

Fyljande vart vedtatt:

Ulvik Statsallmenning vert for utanbygdsjegerar delt inn i 4 jaktfelt med fyljande tilbod:

Skipanuten jaktfelt:	15 vekeskort ( 15.09-21.09 )	15 vekeskort ( 22.09-28.09 )
Grjotrusti / Osafjellet jaktfelt:	15 vekeskort ( 15.09-21.09 )	15 vekeskort ( 22.09-28.09 )
Finse sør jaktfelt:	10 vekeskort ( 15.09-21.09 )	15 vekeskort ( 22.09-28.09 )
Nordfjella jaktfelt:	15 vekeskort ( 15.09-21.09 )	15 vekeskort ( 22.09-28.09 )

I tillegg vert det lagt ut 4 sesongkort for utanbygdsjegerar i kvart jaktfelt. Etter 14 dagar vert det og mogleg å kjøpe dagskort i kvart av dei 4 jaktfelta..

Innanbygdsjegerar får tilbod om dagskort, vekeskort og sesongkort frå fyrste jaktdag. Desse korta gjeld for heile Ulvik Statsallmenning.

Erfaringane frå i år har vore veldig positive. Fjelloppsynet var på plass i Finseområdet dei fyrste jaktdagane, og tilbakemeldingane frå fastbuande, hyttefolk og oppsyn har vore at jakttrykket vart redusert dei to fyrste vekene i jakta. Inntektene syner og at grepset som vart gjort ikkje har redusert småviltinntektene samanlikna med førre året.

### **Referat:**

Sakshandsamar gjorde nokre betrakningar rundt grepset som styret gjorde da dei delte allmenningen inn i jaktfelt. Me ser no at tiltaket utelukkande har vore positive. Jegerane har vorte spreidd over eit større område dei fyrste vekene i jakta og me har unngått store jegerkonsentasjoner på dei mest attraktive områda. Ser ein på økonomi har dette ikkje fort til mindre inntekter samanlikna med fjoråret då ein hadde fritt kortsal. Årets modell bør vidareførast.

### **Framlegg til vedtak:**

Sakshandsamar foreslår at fjellstyre vidareførar årets modell.

### **Vedtak:**

Samrøystes

## **Sak 25/20 Evaluering – Hytteutleige på Osafjellet**

### **Saksdokument:**

Div. statistikk

### **Saksutgreiing:**

Hytteutleige på Osafjellet kom opp at som sak og vart handsama 11.11.19. Det vart i møte 12.11.18 vedtatt at Ulvik fjellstyre skulle leige ut Søre Grøndalshytta, Ripsebu og Dyrahola via Inatur. Styret ynskte å «låse» av hyttene under villreinjakta i perioden 19. august – 30. september. Sekretær utforma salssidene og gjorde desse tilgjengeleg på Inatur. Deretter vart sidene i.h.h.t. vedtak «låst» for utleige mellom 19. august og 30 september.

I løpet av sommaren 2019 kom det inn meldingar frå bygdafolk om hyttene ikkje var tilgjengeleg når dei ynskte å leige hyttene som var lagt ut på inatur, og det oppstod og uheldige situasjoner der ein hadde booka hytte som har viste seg å vere utleigd. Hyttene har vore populære og det har vore godt belegg heile sommaren. Hyttene vart tinga av utanbygdsbuarar tidleg på sesongen og har difor stort sett vore opptekne når bygdafolk ynskte å tinge hyttene.

Det var i 2019 ein markant auke i utleige og såleis inntekter for desse hyttene etter at dei vart lagt ut via Inatur. Styret meinte likevel at ei måtte ta omsyn til innanbygdsbuarar som ynskte å leige hyttene å prioritere desse framfor auka hytteinntekter.

**Vedtak i saka vart fyljande:**

Hyttene vert blokkert for sal via Inatur mellom 15. juli – 31. september. Utanfor denne perioden vert hyttene tilgjengeleg for alle. Booking skjer pr. telefon og Stig Røkenes får ansvar for dette. Fjellstyret skaffar seg vipp som vert nytta ved betaling for hytteleige. Forskotsvis betaling. Avbestillingsreglane på Inatur gjeld og for manuell booking. Ordninga vert evaluert hausten 2020.

Som statistikken syner har ikkje bygdafolket i 2020 nytta seg av moglegheita for å booke hyttene i perioden 15. juli – 31. september. Dagens ordning har ikkje ført til meir hytteutleige til innanbygdsbuarar.

**Referat:**

Styret måtte erkjenne at 2020 året har vore særspesielt med mykje snø i fjellet og koronaepedemi. Mange av vatna var ikkje isfrie før ut i august, og snøen låg lengre enn vanleg.

Salsstatistikken for hytteutleige syner ein betydeleg nedgang frå førrre året. Styret meiner likevel at ein må gje ordninga med låsing av Søre Grøndalshytta, Dyrahola og Ripsebu på Inatur for utanbygdsbuande i perioden 15. juli – 30. september eit år til for å sjå om eit eventuelt «normalår» vil gjere at bruken av hyttene blant innanbygdsbuarane aukar.

**Framlegg til vedtak:**

Ordninga med låsing av Søre Grøndalshytta, Dyrahola og Ripsebu på Inatur for utanbygdsbuande i perioden 15. juli – 30. september held fram i 2021.

**Vedtak:**

Samrøystes

## **Sak 26/20 Aktivitetsplan for 2021**

**Saksdokument:**

Framlegg til aktivitetsplan for 2021

**Saksutgreiing:**

Sakshandsamar har sett opp ein aktivitetsplan/årsplan for tiltak planlagt i 2021. Planen er førande, og tid for gjennomføring av tiltak kan avvike noko. Grunna store snømengder sist vinter er nokon av tiltaka vidareført i 2021.

**Referat:**

Utbetringa av naustet ved Kvilinganutvatnet må tilpassast slik at ein kan få inn naudsynt utstyr ( jekk, taljer, material m.m.) med helikopter når Statnett skal byrja med riving av hytta ved Inste Kvilinganutvatnet. Positivt at oppsynet prioriterer småvilttoppsyn i Finseorådet, må halde fram med dette.

**Framlegg til vedtak:**

Styret tok førande plan til orientering

**Vedtak:**

Samrøystes

**Sak 27/20 Orienteringssaker**

- Møtegodtgjersle for 2020
- CWD, status pr 1. desember 2020
- Høyring – rulling konsesjon på Osafjellet ( Statkraft ), Fiskeslepp, Båtutsett Rundavatn, Regulering av magasina gjennom sommaren.